NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: Frehelege musikkinstrument.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan V. Ekra,

Gard:

(adresse): Bråtveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). Surar av seljebork er ikkje kjendt her.

Men halmpipa var ofte i bruk mellom borna. Tjukke hole halmstrå, med „gjo-hol" i (lydhol).

2). Nei

3) Men vindenabbane var mykje bruka som rangler åt borna.

4) Storgraset sette ein i handa, mellom fingrane, og fekk ut ymse lydar eller skryling, som ein sa her. Dette med grasen fyllt med luft er og kjend her. Og likeeins å få ut smellar med klokkeblomar.

Ein skyt alltid med bryllaupa her. No ofte med dynamitt. Før helst med gevær og/eller jernstål.

Ein hued og ennå

7026

påskikken med å skjøta inn julo? Før var det og helst med dynamitt då:

Det var dei vonde maktene ein skulle halde borte med skyting. Eg har høyrt gamle folk seie det. Men det galdt berre dette med å skjøta inn julo. — I bryllaupa skjøt ein når brurfølget kom heim frå kyrkja, og kjem heim i tunet. Og dette ser ein nærast på som ei velkomehelsing, ei hylling.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7026